



## Saksframlegg

### Søknad om løyve til uttak av kabelsand gbnr. 40/1 - dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		

#### Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for plan og miljø

#### Dokument i saka:


#### Vedlegg

- 1 Søknad om løyve til uttak av kabelsand gbnr. 40/1

#### Bakgrunn for saka:

Grunneigar på gbnr. 40/1, Olav Kjetil Greivstad søker om løyve til uttak av inntil 5000m<sup>3</sup> kablesand ved Greivstadhylen. Massen skal nyttast i samband med legging av kablar til datasenteret.

Uttaket vil skje i eit område det tidlegare har vore tatt ut masser. Det vil skje skånsamt og i eit avgrensa område. Terrenget planerast og ryddast etter uttak.



## **Vurdering:**

*Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Legge til rette for ulike næringar og fritidsaktivitetar*

Det er søkt om løyve til uttak av lausmasser for bruk til kabelsand ved legging av kablar til etablering av datasenter på Molandsmoen. Dette krev dispensasjon frå LNF føremålet i kommuneplanen sin arealdel.

*Retningslina før LNF- føremålet seier; I LNFR-a områda skal omsynet til landbruk, natur og friluftsliv prioriterast. Det er her berre tillat med utbygging som er knytt til stadbunden næring.*

Det ligg føre to vilkår for å kunne gje dispensasjon etter Plan- og bygningslova (PBL) § 19-2.

- Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak føresegner det dispenserast frå vert vesentleg tilsidesett.
- Fordelane ved å gje dispensasjon skal vere vesentleg større enn ulempene. Om vilkåra for å kunne gje dispensasjon ligg føre, har søkjar likevel ikkje krav på dispensasjon. Då kan det gjevast dispensasjon.

I NGU sitt kart for grus og pukk førekomstar ligg området registrert som Greivstad sør, lausmasseområde. Omtalen av førekomsten seier: *Førekomsten har størst mektigheit i vest (7-8m) kor det er nesten berre finsand og silt. Førekomsten vurderast som lite aktuell for større uttak. Området er angitt med eit nedlagt masseuttak. Området består av breelv og elveavsetning.* Dette fortel at det er eigna masser i området som har vore utnytta tidlegare. Området ligg på det nærmaste om lag 50 meter frå Dalåa, uttaksretningen er angitt å gå i retning vekk frå åa. Ein kan ikkje sjå at dette uttaket vil føre til fare for avrenning til åa.

Høgspenlinja passerer mellom Dalåa og uttaksområdet. Elles ligg området i vestenden av ein landbruksveg og eit jordet.

## **Vurdering etter naturmangfaldslova §§ 8-12**

§ 8) Området er del av ei NiN kartlegging utført av Ecofact i 2025, denne kartlegginga har ikkje påvist nokon verdiar i dette området.

§ 10) Tiltaket det er søkt om dispensasjon for er eit moderat uttak av lausmasser i eit område der det har vore tatt ut masser på 1990 talet. Område er eit skogområde og vil tilbakeførast til skog etter uttak.

§ 9) kunnskapen om naturgrunnlaget i området sjåast som tilstrekkeleg med bakgrunn i ny NiN kartlegging og medfører liten risiko for skade på natur og naturmangfald. Vi meiner førevar prinsippet ikkje kjem til anvending i denne saka.

§ 11 og 12) I løyve til tiltak vil det settast krav for avslutning av område og tiltak som er nødvendig for å unngå uheldig påverknad under uttaksperioden. Ut i frå dette kan ein ikkje sjå at tiltaket vil føre til ulemper for naturmangfaldet i området. Ei total vurdering av tiltaket syner at det ikkje vil føre til ulemper på verken landbruk, friluftsliv eller natur.

## **Konklusjon:**

Med bakgrunn i vurderingane over kan ein ikkje sjå at retningslinene i kommuneplanen sin arealdel blir sett vesentleg til side. Tiltaket vil i liten grad påverke området og vil vere med å redusere behovet for lang massetransport.

**Innstilling frå kommunedirektøren:**

I medhald av Plan- og bygningslova § 19-2 blir det gjeve dispensasjon frå LNF føremålet i kommuneplanen sin arealdel, for uttak av inntil 5000 m<sup>3</sup> kabelsand som angitt i søknad. Vilkåra for å kunne gje dispensasjon er tilstades, tiltaket går ikkje på bekostning av naturen og reduserer transport behovet.

Etter Plan- og bygningslova § 21-9 1. ledd er vedtaket gyldig i 3 år frå vedtaksdato. Om tiltaket settast i gang men innstillast i meir enn 2 år, fell også tillatinga bort.

Det må søkjast byggjeløyve på vanleg måte, jfr. Pbl §20-1

Gebyr for søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel; kr 9 900,- sendast Olav Kjetil Greivstad

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Mona Gundersen
	avdelingsingeniør